



Kari Troland
Fløyenbakken 55 B
5009 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1185 - 15/11983

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
16.06.2015

Førespurnad om opplysningar tilknytt tiltak på gbnr 8/1 i Meland kommune

Meland kommune si byggjesaksavdeling er gjort merksam på at det er oppført brakker på Dykkar eigedom på gbnr 8/1 på Vollo. I opplysningane står det at desse blei oppført i oktober/november 2014, og at isolasjon er begynt å falle av og forsøplar område.

Meland kommune kan ikkje sjå at det er søkt om oppføring/plassering av brakker på eigdommen, og ber eigar om status i saka. Tiltaket kjem inn under Kap. 20 i Plan- og bygningslova (pbl), då tiltaket ikkje vert rekna som midlertidig når dei står lenger enn 2 mnd. Når det gjeld merknad knytt til til forsøpling på eigdommen ber kommunen eigar om status i saka.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje sett i verk noko ulovlighetsoppfølging på eigdommen, i det administrasjonen i denne omgang ber om Dykkar tilbakemelding på om det i heile tatt er oppført brakker på eigdommen, samt ei orientering knytt til mogleg forsøpling på Dykkar eigedom.

Administrasjonen vil seinare befare eigdommen, og i den omgang vurdere om det er grunn til å følgje saka opp etter (pbl) kap. 32. om *Ulovlighetsoppfølging*, basert på observasjonar knytt til synfaring og innkomne opplysningar frå eigar.

Av omsyn til ferieavvikling vert fristen sett til **10.08.2015**.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kari Troland

Fløyenbakken 55 B 5009

BERGEN